

Klima - og miljødepartementet (utkast)

Oslo

### **Miljødirektoratet - prosess kring nytt kontrollkort ved jakt på villrein**

Eit framlegg til nytt kontrollkort som nemnt blei sendt ut 9. januar med høyringsfrist 1. mars. Innvendingane lokalt var mange, utan at me skal gå inn på alt her. Signala attende er at sume av innvendingane vil bli imøtekomne, men ikkje det som gjeld vidareføring av greie rutinar for overføring av eit fellingsløyve frå eit vald til eit anna.

Ti-tolv år attende var det strid og uro kring forvaltinga av villreinen på Hardangervidda. DN (no Mid) høyrde ved fleire høve ikkje på lokale meiningar, men måtte etter kvart gå i seg sjølv. Dåverande direktør, Janne Sollie, sa seg lei for at ting hadde utvikla seg som dei gjorde. At så skjedde hadde nok ein samanheng med at dåverande miljøvernminister, Børge Brende, engasjerte seg i saka.

Ei mjukare haldning til publikum ser diverre ikkje ut til å ha fest seg. MiD er der DN var når det gjeld å lyde på kva ein meiner lokalt. *Maktarroganse* er eit ord som ligg langt framme på tunga.

Fylkesmannen i Buskerud er samordnande Fylkesmann når det gjeld tilsyn med villreinforvaltinga på Hardangervidda. I det omstridde spørsmålet er ein på det hald samd med oss.

**Me bed KLD instruere MiD om å lyde på lokale innspel i denne saka.**

Rauland/Dagali/Lofthus, 8. mars 2014.

Johan Vaa(sign.) Opedal (sign.) Hardangervidda HV grunneigarsamsk.	Magne Torvetjønn(sign.) Villreinutvalet på HV	Vebjørn Håvardrud (sign.) Fjellstyra på HV	Olav H. Villreinnemnda på
--	--	---	------------------------------

Kopi til Miljødirektoratet, Fylkesmannen i Buskerud